



P1 - KOMITE FOR KULTURBYGGING OG VERDIAR

REFERAT

Dato: 12.01.2018

Klokkeslett: 09.45-14.15

Stad: Skodje rådhus

Til stades: Tore Johan Øvstebø, Ingvild Vartdal, Lindis Dalebø, Kathrine Pernille Beite, Ewa Hildre, Hildegard Mayer, Tone Gandrubbakken, Geir Peter Aure, Dag Olav Tennfjord, Anne Bente Skjellum, Malin Piegsa (referent)

SAKER:

1. **Godkjenning av referat, innkalling og sakliste**

2. **Gjennomgang av bruk av prosjektportalen v/Øyvind Hagen (30 min).**

Øyvind vil komme tilbake med svar på følgjande spørsmål;

- Kan ein linke dokument som allereie ligger inne i prosjektportalen opp i mot oppgaver på tidslinjen?
- Kva med ...

Det vil bli utarbeida ei enkel brukarretteiing så snart som råd.

3. **Drøfting av mandat for arbeidsgruppene.**

Arbeidsgruppa for Kultur i praksis og Kulturbygging for innbyggjarar presenterer sitt arbeid så langt. Arbeidsgruppa for verdiar presenterar verdiprosessen seinare i møte. Ein blir samd i at også arbeidsgruppa for Leiarutvikling og Kulturbygging for tilsette bør formulere oppdraget sitt i eit mandat, også om ein ikkje har konkrete oppgaver ein skal i gong med no.

Malin vil lage ei mal som alle arbeidsgruppene kan bruke til mandat. Denne blir lagt i kvar enkelt arbeidsgruppe sin nyoppretta mappe under "dokument".

4. **Verdiprosess.**

Arbeidsgruppa for verdier gjennomfører verktøyet verdidebatt og verdiblink. Dette fungerer veldig godt i forhold til målsettinga både i oppbygging, tidsbruk, gruppestørrelse etc. I evalueringa kjem ein med tilbakemeldingar om forbetring og presisering i manualen. Det er ønskeleg å ta i bruk verktøyet på første leiarsamling (alle fem rådmannsteam) og deretter første møte i fellesnemnd.

5. Avslutning.

Delprosjektet har til no utarbeida overordna mandat, ros-analyse og framdriftsplan som vil ligge til grunn for arbeidet vidare. Ein har eit breitt mandat som krever at arbeidsgruppene konkretiserer oppdraget i tiltak og synleggjer dette overfor alle andre delprosjekt. Alle arbeidsgruppene kan undervegs legge inn oppgåver i prosjektportalen.

Møteplan vil innebere at 2.kvart møte i vår blir som tidlegare og 2.kvart møte eit kortare skype-møte for å avklare enkelte ting og informere kvarandre om framdrift.

Møtedatoar: 7.februar (Haram), 7.mars (skype), 4.april (Sandøy), 2.mai (skype), 6.juni (Ørskog). Møte i juni kan muligens bli utvida, med ekstern foredragsholder (?) og ha fokus på Etske retningslinjer.

Til neste møte:

- Arbeidsgruppene formulerer mandat i ny mal.
- Arbeidsgruppa for Kulturbygging for innbyggjarar trenger innspel på kven frå kvar kommune som kan sitte i gruppa. Hildegard er kontaktperson.
- Arbeidsgruppa for Verdier arbeidar med å utvikle materialsett til verdiprosessen. Kontaktperson i delprosjekt kommunikasjon deltek i dette arbeidet.
- Arbeidsgruppa for Kulturbygging i praksis vil i neste møte gå igjennom ei presentasjon som kan bidra til refleksjon og kompetanseheving om kultur og språk.